



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 10.02.2026
Tid: Kl. 09:00 - 13:00

Følgande medlemmer møtte	Parti
Valen, Øyvind	AP
Haraldseid, Modolf	H
Nesheim, Therese	H
Fosse, Gustav Løge	KRF
Monica Nesheim	SP
Nina Karin Ramsfjell	SP
Ole Johan Vierdal	SP

Forfall	Parti	Varamedlemmer	Parti
Årvik, Mats	FRP	Kvamme, Gerd	FRP
Anna Klette Steinsland	VILI	Ivar Persvangeren Ødegård	VILI

Møtenotater:

Kunngjering av møtet på kommunen si heimeside og i Grannar og i H-avis

Innkalling med saksdokument vart sendt til medlemmene 02.02.2026.

Anna K. Steinsland (VIL) har permisjon, Ivar Ødegård møter fast for henne i Formannskapet i permisjonstida.

Mats Årvik (FrP) hadde forfall, varamedlem Gerd Kvamme møtte.

Møtet vart vist på Kommune-Tv

Møtet vart leia av ordførar Ole Johan Vierdal.

Frå administrasjonen:

Nils Erik Eide, kommunalsjef oppvekst

Sigurd Gjerdevik, kommunalsjef helse

Vegard Bang, kommunalsjef for økonomi

Halfdan Krohn Brekke, kommunalsjef samfunnsutvikling

Ingebjørg Rullestad Gjerde, kommunalsjef organisasjon

Thomas Vestbø, einingsleiar areal og forvaltning

Frøde Eike, prosjektleiar

Anne Mette Klungland, politisk sekretariat

Innkalling: Ingen merknad

Saksliste : Kommunedirektør Yngve Folven Bergesen ønska å ta opp ei orienteringssak i lukka møte, jf forvaltningslova § 23, i slutten av møtet.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll
002/26	Referatsaker
003/26	Orienteringssaker
004/26	Høyringsvar - Fylkesdelplan for regional utvikling, areal og mobilitet (FRAM)- Vindafjord kommune
005/26	Busetting av flyktningar i Vindafjord kommune i 2026
006/26	Haugaland Vekst IKS - Revidert selskapsavtale
007/26	Helse og omsorgsplan for 2026-2036
008/26	KS Debattheft 2026. Tid for taktskifte
009/26	Sal av Haugane 13
010/26	Spørsmål til administrasjonen

001/26 Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll

3 medlemmer blir valgt til å signere møteprotokoll

10.02.2026 Formannskapet

Behandling

Møteleiar Ole Johan Vierdal fremma forslag om Gustav L. Fosse (Krf) og Monica Nesheim (SP) til å godkjenne og signere møteprotokoll.
Dette blei samrøystes vedtatt.

FS - 001/26 Vedtak:

Til å skrive under møteprotokoll vart desse valde:

1. Ole Johan Vierdal (Sp), møteleiar
2. Gustav L. Fosse (Krf)
3. Monica Nesheim (SP)

002/26 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

10.02.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 9 stemmer

FS - 002/26 Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

003/26 Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

10.02.2026 Formannskapet

Behandling

- Frode Eike – større investeringsprosjekt og oppgradering/nytt omsorgssenter

- Thomas Vestbø – plansaker
- Ingebjørg Rulllestad Gjerde - ledige stillingar og bruk av vikarbyrå
- Økonomisjef Vegard Bang – økonomistatus
- Kommunedirektør Yngve Folven Bergesen – diverse.
Kommunedirektøren ønska og å ta opp ei orienteringssak i lukka møte i slutten av møtet jf forvaltningslova § 23, kommunen er i ein forhandlingsposisjon. Dette vart einstemmig vedtatt av formannskapet.

FS - 003/26 Vedtak:

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

004/26 Høyringssvar - Fylkesdelplan for regional utvikling, areal og mobilitet (FRAM)- Vindafjord kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppdatert høyringssvar, med åtte tilleggspunkt, til planprogram for Fylkesdelplan for regional utvikling og mobilitet blir sendt til Rogaland Fylkeskommune.

10.02.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 9 stemmer

FS - 004/26 Vedtak:

Oppdatert høyringssvar, med åtte tilleggspunkt, til planprogram for Fylkesdelplan for regional utvikling og mobilitet blir sendt til Rogaland Fylkeskommune.

005/26 Busetting av flyktningar i Vindafjord kommune i 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre seier ja til oppmodinga frå IMDi om å busette 33 flyktningar i 2026.
2. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere integreringstilskot og eventuelle øyremerka statlege tilskot knytt til busetting av flyktningar for å gjere kommunen rusta til å ta imot 33 flyktningar i 2026.

10.02.2026 Formannskapet

Behandling

Forslag til nytt tilleggspunkt, lagt fram av Modolf Haraldseid (H):

Ny siste setning i punkt 1: Flyktningar som kjem til kommunen i 2026 skal ikkje busetjast i kommunesenteret i Ølen.

Votering:

Forslag frå M. Haraldseid sett opp mot kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

1 stemme mot begge forslaga FrP, Kvamme

2 stemmer for forslag frå H, Haraldseid (H) og T. Nesheim (H), forslag falt

6 stemmer for kommunedirektøren sitt forslag til vedtak, forslag gjekk vidare.

FS - 005/26 Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Vindafjord kommunestyre seier ja til oppmodinga frå IMDi om å busette 33 flyktningar i 2026.

2. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å disponere integreringstilskot og eventuelle øyremerka statlege tilskot knytt til busetting av flyktningar for å gjere kommunen rusta til å ta imot 33 flyktningar i 2026.

006/26 Haugaland Vekst IKS - Revidert selskapsavtale

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek revidert selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS slik den ligg ved saka.

10.02.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 9 stemmer

FS - 006/26 Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek revidert selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS slik den ligg ved saka.

007/26 Helse og omsorgsplan for 2026-2036

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar forslag til ny helse og omsorgsplan for 2026-2036 slik den ligg føre.

10.02.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 9 stemmer

FS - 007/26 Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtar forslag til ny helse og omsorgsplan for 2026-2036 slik den ligg føre.

008/26 KS Debattefte 2026. Tid for taktskifte

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner forslag til svar på spørsmåla i KS Debattefte 2026 som gjeld "Taktskifte for bærekraftig velferd" og "Taktskifte for skjerpet beredskap".

10.02.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 9 stemmer

FS - 008/26 Vedtak:

Formannskapet godkjenner forslag til svar på spørsmåla i KS Debattefte 2026 som gjeld "Taktskifte for bærekraftig velferd" og "Taktskifte for skjerpet beredskap".

009/26 Sal av Haugane 13

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommune sel egedomen Haugane 13. Kommunedirektør gis fullmakt til å gjennomføre salet.

10.02.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 9 stemmer

FS - 009/26 Vedtak:

Vindafjord kommune sel egedomen Haugane 13. Kommunedirektør gis fullmakt til å gjennomføre salet.

010/26 Spørsmål til administrasjonen

10.02.2026 Formannskapet

Behandling

Ingen spørsmål

FS - 010/26 Vedtak: